

Saksbehandlar: Inge Horstad, Anna Kristine Gytri, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 18/119-34

## Kjøpssak 2019

### Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1. Ruteinnspela i *vedlegg 1* vert vedtekne slik dei ligg føre.
  - a. Det vert teke høgde for ein kostnadsauke på 225 000 kr. i ruteproduksjonen.
  - b. Det skal gjennomførast dialogar med kommunar som ynskjer det, angående endra reisebehov som følgje av kommunereforma. Finansiering av eventuelle tiltak må vere ein del av dialogen.
2. Administrative endringar sidan førre kjøpssak vert teke til orientering.
3. Fylkesdirektøren sine framlegg til justeringar i *vedlegg 2* vert vedtekne slik dei ligg føre.
  - a. Samla vert det realisert ei innsparing på 12 000 kr.
4. Det skal i 2019 arbeidast med vidareutvikling av kollektivtilbodet.
  - a. Marknads- og informasjonsplanen i *vedlegg 3* vert vedteken slik den ligg føre.
  - b. Det vert sett av 300 000 kr. til styrking av bybussane i Førde og Florø på laurdag og søndag.
  - b. Det vert sett av 140 000 kr. for to sommarruter mellom Florø og Førde.
  - c. Sesongen der brebussen i Briksdalen går fast vert utvida med 14 dagar, til 15. september. Ruta vert forlenga til kaia på aktuelle avgangar. Det vert sett av 5 000 kr. til dette tiltaket.
  - d. Det vert sett av 800 000 kr. til mindre marknadstiltak/nye ruter. Fylkesdirektøren for samferdsle får fullmakt til å utforme aktuelle tiltak.
  - e. Fylkesdirektøren for samferdsle får fullmakt til å fastsetje endeleg rutetilbod.
5. Takst
  - a. Takstauke for buss vert 2,5 %.
    - i. Minstetakst for buss vert kr 32 for voksen og kr 16 for barn
    - ii. Bybusstakst i Førde og Florø vert uendra kr 20 for voksen og kr 10 for barn
    - iii. Flybusstakst i Førde og Sogndal vert uendra kr 80 for voksen og 40 for barn.
  - b. Takstauke for båt vert 3 %.
    - i. Andre halvdel av takstharmoniseringa for ekspressbåtane vert gjennomført frå 2019 i tråd med vedtak i fjorårets kjøpssak.
  - c. Takstane for fylkesvegferje skal følgje riksregulativet for ferjetakstar som tidlegare.
  - d. Prisen for ungdomskort vert uendra med kr 365.
  - e. Fylkesdirektøren for samferdsle får fullmakt til å fastsetje endelege takstar og rabattar for buss, båt og fylkesvegferje.

### Vedlegg:

1. Ruteinnspel 2019
2. Fylkesdirektøren sine innspel til justeringar av rutetilbodet
3. Marknads- og informasjonsplan
4. Rapport Eit enklare kollektivtilbod
5. Ruteinnspel frå kommunar og andre – dokumentsamling

**Andre relevante dokument i saka:**

---

**SAKSFRAMSTILLING**

---

**1. Samandrag**

Kjøpssaka tek for seg kva tilbod dei kollektivreisande skal ha komande år.

Det er kome inn over 90 ruteinnspel. Alle innspela vert omtalt og vurdert i denne saka. Vidare vert det gjeve ei oversikt over administrative endringar i rutetilbodet som er gjort sidan førre rutekjøpssak.

I fjor vart det sett i gang fleire tiltak for å marknadsrette kollektivtilbodet. Tiltaka var alt frå konkrete rutestrekningar til utarbeiding av rapportar og undersøkingar. Status og framdrift for desse tiltaka vert gjort greie for. Eit av tiltaka var ein marknads- og informasjonsplan. Den vert lagt fram i denne saka.

Prisutviklinga i rutekjøpsavtalane ligg noko over utviklinga i konsumprisindeksen. Dette gjeld særleg for båt. Høgare oljepris er blant kostnadskomponentane som bidreg til denne utviklinga. Det vert teke til orde for ein takstauke som ligg litt over utviklinga i konsumprisindeksen. Det vert lagt opp til å gjennomføre andre halvdel av takstharmoniseringa på ekspressbåt, i tråd med vedtak i førre års kjøpssak.

**2. Bakgrunn for saka**

I denne saka gjer vi greie for status innanfor kollektivområdet, aktuelle prosjekt og økonomiske rammer.

Behov for justeringar i ruteproduksjonen og innkomne innspel til endringar vert drøfta. I årets kjøpssak er det rom for vidareutvikling, og det vert foreslått nokre nye tiltak som skal gjennomførast i 2019. Marknads- og informasjonsplanen vert presentert og lagt fram for behandling.

Takstane for neste år vert også bestemt i denne saka.

**3. Innkomne ruteinnspel med fylkesdirektøren sine vurderingar**

Kvart år inviterer fylkeskommunen kommunar og andre interessentar til å komme med innspel til ruteendringar. Innsendarane kjem med ynskje om justeringar og forbetringar. Nokre innspel går på å bevare rutetilbod som er viktige for dei det gjeld, andre innspel gjeld større og mindre tiltak som kan betre tilbodet.

Mange ruter tener fleire ulike brukargrupper. Det å justere ei rute til gode for ei brukargruppe, kan gå utover ei anna. Det er i vurderingane lagt vekt på å prøve å sjå heilskapen før det vert foreslått tiltak.

Totalt har det i år kome inn over 90 innspel frå over 30 ulike aktørar. Sidan kuttrundane no er over, har det i år kome inn færre innspel om å få behalde ruter. På den andre sida er det kome inn fleire innspel som tek til orde for nye reisebehov knytt til ny kommunestruktur.

Fleire kommunar ynskjer dialog med tanke på å få etablert nye rutestrukturar som følgje av kommunereforma. Kva ruteendringar som vil vere tenleg for dei reisande og kva som kan vere mogleg å realisere innanfor gjeldande økonomiske rammer, er noko som vil vere aktuelt å sjå nærare på. Kven som skal finansiere eventuelle tiltak vil truleg og bli tema. Fylkesdirektøren rår til å gjennomføre slike dialogar for å kartlegge endra reisebehov som følgje av kommunereforma.

Vi har lagt alle innspela inn i ein tabell - vedlegg 1 Ruteinnspel frå kommunar og andre. Tabellen er todelt. Først kjem dei tiltaka som fylkesdirektøren heilt eller delvis tilrår å imøtekomme. Til sist kjem den delen der fylkesdirektøren tilrår avslag.

Fylkesdirektøren gjer framlegg om tiltak til ein samla kostnad på 225 000 kr.

#### **4. Administrative endringar sidan førre kjøpsak**

Fylkesdirektøren for samferdsle har fullmakt til å gjere mindre rutejusteringar undervegs gjennom året. Sidan førre rutekjøpsak er det gjort mange rutejusteringar knytt til skuleskyss som ikkje får vesentlege konsekvensar for andre reisande.

I tillegg har fylkesdirektøren gjort ei ruteendring. Dette gjeld Vinje kl. 10.10 til Voss kl. 10.35 DX67. Ruta frå Vik til Vinje korresponderer med NX450 Sognebussen på Vinje kl. 10.10.

Nettbuss har ikkje plassgaranti utanfor fylket og bussen deira er ofte full om sommaren. Fylkesdirektøren har difor nytta fullmakta si til å forlengje ruta til Voss kl. 10.35 når det er behov, slik at passasjerane våre kjem seg dit dei skal i sommarperioden.

Sommaren 2018 vart der gjennomført 13 turar til ein kostnad på om lag 10 000 kr. Fylkesdirektøren rår til at dette tiltaket vert vidareført.

#### **5. Fylkesdirektøren sine framlegg til mindre justeringar av rutetilbodet**

Fylkesdirektøren har laga eit framlegg med 11 rutejusteringar. Nokre gjeld å ta bort ruter som ikkje lenger vert vurdert til å vere hensiktsmessige. Andre går på å setje inn nye lekkjer for få eit betre og meir heilskapleg rutetilbod. Tiltaka samla sett vil gje ei innsparing på 12 500 kr. *Sjå vedlegg 2.*

#### **6. Marknadstiltak**

I fjorårets kjøpsak vart det sett i gang fleire prosessar med mål om å marknadsrette kollektivtilbodet i fylket. Det vart arbeidd etter fleire tidsaksar. Nokre konkrete tiltak vart vedtekne i rutekjøpsaka:

- |   |                    |
|---|--------------------|
| • Utvida sesong for brebussen Olden               | sjølvfinansierande |
| • Samband frå Trondheim/Stryn til Sogn            | 80 000 kr          |
| • Betra tilbod frå Indre Sogn til Vik midt på dag | 70 000 kr          |

I tillegg fekk fylkesdirektøren i oppdrag å styrke rutetilbodet på bybussane i Førde og Florø og bussrutene mellom Førde og Florø. Følgjande er gjort:

- |  |            |
|--|------------|
| • Bybuss Førde – utvida opningstid om sommaren til kl. 21.00 | 85 000 kr  |
| • Bybuss Florø – utvida opningstid om sommaren til kl. 21.00 | 80 000 kr  |
| • Ny avgang Florø kl. 06.25 – Førde – Førde sjukehus         | 350 000 kr |
| ◦ Justert avgang Florø 0635 til 0640 – Førde                 | 0 kr       |

Det vart vidare bestemt i fjorårets kjøpsak å setje i gang eit prosjekt for å betre kollektivtilbodet i fylket. Prosjektet fekk ei ramme på 500 000 kr og er nærmare omtalt i neste avsnitt.

##### **6.1 Prosjekt enklare kollektivtilbod i Sogn og Fjordane**

Med bakgrunn i delmål frå Regional Transportplan er prosjektet «Eit enklare kollektivtilbod i Sogn og Fjordane» gjennomført vinter og vår 2018. Prosjektet har hatt ein total kostnad på 484 000 kr. Arbeidet er gjort av designbyrået Haltenbanken og kommunikasjonsbyrået Mannheimer, i samarbeid med samferdsleavdelinga.

Bakgrunnen for prosjektet er at Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å gjere det enklare å reise kollektivt i fylket. Målgruppa for prosjektet har vore noverande og potensielle kollektivreisande i fylket.

Med utgangspunkt i eksisterande data frå kundeundersøkingar, billettstatistikk og Kollektivbarometeret, har byråa henta inn ytterlegare innsikt frå dei som brukar kollektivtilbodet.

Dette er gjort ved å nytte metodane brukarreise, djupneintervju og observasjon. Sjå rapport for detaljar.

#### Viktige funn i rapporten:

Kva har størst innverknad for kor tilfredse brukarane er? Tre område blir framheva:

- Informasjon,
- talet på avgangar og
- enkle korrespondansar/overgangar.

#### Informasjon:

Av rapporten «Eit enklare kollektivtilbod i Sogn og Fjordane» går det fram at dei kollektivreisande slit med å finne informasjon om rutetilbodet på nettsida Kringom.no. På same tid opplever brukarane rutetilbodet som utilstrekkeleg.

Samtidig viser funna i rapporten at det er noko usikkert om det er manglande kunnskap om rutetilbodet som gjer at brukarane opplever tilbodet som utilstrekkeleg.

#### Talet på avgangar:

Det er dei siste åra gjort fleire endringar i rutetilbodet i Sogn og Fjordane som følgje av innsparingskrav i SFJ2019. Dei fleste tiltaka er små og har vore spreidd rundt i fylket. Reaksjonane vi har fått tidlegare, blir også stadfesta av funna i rapporten «Eit enklare kollektivtilbod i Sogn og Fjordane».

Av rapporten går det tydeleg fram at brukarane opplever rutetilbodet som utilstrekkeleg. Dei reisande opplever at bussane ikkje går ofte nok, i tillegg til at bussane byrjar å gå for seint om morgonen og sluttar å gå for tidleg om kvelden.

#### Enkle korrespondansar/overgangar:

Analyser av brukarundersøkingar, djupneintervju og observasjon gir eit tydeleg signal om at dei reisande stressar med korrespondanse. Det kjem fram at enkeltsjåførar yter god service, men at organiseringa rundt korrespondansane ser ut til å vere mangelfull.

## **6.2 Marknads- og informasjonsplan**

Rapporten «Eit enklare kollektivtilbod i Sogn og Fjordane» har gitt fylkeskommunen eit godt kunnskapsgrunnlag for det vidare arbeidet med utvikling av rutetilbod og produkt, og det marknads- og informasjonsarbeidet som må følgje med.

Kunnskapen i rapporten er brukt for å vidareutvikle og fullføre Marknads- og informasjonsplanen, som blir eit viktig verktøy i det vidare arbeidet til samferdsleavdelinga.

Funna i rapporten viser at informasjon, tal avgangar og korrespondanse er faktorane som har størst innverknad på kor tilfredse dei reisande er med kollektivtilbodet. Med utgangspunkt i desse, og andre funn i rapporten, er det i Marknads- og informasjonsplanen peika ut fleire tiltak.

Det er viktig å understreke at ein Marknads- og informasjonsplan aldri vil vere statisk, men under stadig utvikling. Under vil vi gjere kort greie for dei viktigaste tiltaka planen legg opp til.

#### Informasjon:

Kringom.no skal vere den viktigaste informasjonskjelda for dei reisande. Det vil framover bli arbeidd med å gjere informasjonen på nettsida Kringom.no tydelegare. Ein viktig del av dette er å vidareutvikle og forbetre reiseplanleggaren, eit arbeid som blir gjort i tett samarbeid med det nasjonale organet Entur.

Samtidig legg samferdsleavdelinga opp til aktiv bruk av Facebook, for å nå ut til både noverande og potensielle kollektivreisande med informasjon om ruter, produkt og tenester.

Det går hausten 2018 ein prosess rundt rutetabellar på nett. Det er førebels uvisst om tabellane, i den form dei blir viste på Kringom.no i dag, blir vidareført frå 2019. Resultatet av denne prosessen vil i stor grad påverke korleis vi jobbar vidare med utforming av informasjon på Kringom.no.

#### Talet på avgangar:

Det er ei viktig erkjening at Sogn og Fjordane er eit fylke med spreidd busetnad og lågt innbyggjartal. Dette gjer det utfordrande å dekke alle sine behov til kollektivtransport.

Samferdsleavdelinga jobbar kontinuerleg med å forbetre rutetilbodet i Sogn og Fjordane. I denne kjøpssaka vert det lagt opp til fleire justeringar og forbetringar.

I tillegg til det ordinære rutetilbudet, finst det også fleire lokalt tilpassa transportordningar i Sogn og Fjordane. Blant desse er Lokaltransport for ungdom, LTU, og Trygt Heim. Begge ordningane har ungdom som målgruppe. Det blir lagt opp til gjennomgang av ordningane, for å sikre at dei er innretta på ein måte som treff målgruppene best mogleg.

#### Enkle korrespondansar/overgangar:

Samferdsleavdelinga vil saman med operatørane ta tak i utfordringane dei reisande opplever knytt til korresponderande ruter. Målet er å finne gode løysingar som vil gjere dei kollektivreisande tryggare på korrespondansane.

#### Andre tiltak:

Gode billettprodukt og betalingsløysingar er viktig for å nå flest mogleg med kollektivtilbudet. Sogn og Fjordane fylkeskommune samarbeider tett med Entur, og skal etter planen ha klar ei løysing for billettsal på mobil innan utgangen av 2018.

Oppgradering av haldeplassar og terminalar blir også vurdert som eit viktig tiltak for å innrette kollektivtilbudet slik at det når flest mogleg. Eit slikt arbeid vil krevje innsats og involvering frå fleire partar, blant anna Statens vegvesen, kommunar og private.

I dette arbeidet vil ein kunne skilje mellom større investeringar på byggsida og mindre oppgraderingar i form av t.d. tilgang på ruteinformasjon. Samferdsleavdelinga vil på kort sikt gjennomføre mindre oppgraderingar som er mogleg innanfor gjeldande økonomiske rammer. For større investeringar må det gjerast ytterlegare utgreiingar, då det er behov for økonomiske løyvingar før slike tiltak kan gjennomførast.

### **6.3 Vidareutvikling/fullføring av igangsette tiltak.**

I rutekjøpsaka i fjor vart det peika ut nokre område og løyvd midlar til å vidareutvikle rutetilbudet noko. Fleire av desse tiltaka har behov for ferdigstilling/vidareutvikling i 2019.

#### Styrking av Bybussen i Førde og Florø:

Bybussane i Førde og Florø har mange reisande og mange avgangar.

| Trafikktalet juli 2017 - juni 2018 | Passasjerar | Inntekter    |
|------------------------------------|-------------|--------------|
| Bybussen i Florø                   | 137 662     | 1 643 133 kr |
| Bybussen i Førde                   | 161 108     | 2 230 003 kr |

I fjorårets kjøpsak vart det sett av 0,5 mill. kr. til styrking av bybussane i Førde og Florø i 2018. Fylkesdirektøren valde å styrke rutetilbudet på sommaren med 165 000 kr frå og med 2018. Fylkesdirektøren har hatt behov for å analysere dei undersøkingar som er gjort før vidare tiltak kunne verte foreslått.

Tilbakemeldingane spriker ein del. Nokre vil ha fleire avgangar knytt til tidspunkt for reiser til og frå jobb. Andre er opptekne av eit betre tilbod på kveld og helg.

Slik rutene er oppsett i dag er det eit hol i rutetabellen på laurdag ettermiddag/kveld og på søndag. For at dei reisande skal kunne klare seg utan bil er det viktig med eit mest mogleg komplett rutetilbod.

Ein rundtur på bybuss-sløyfene i Førde eller ein rundtur i Florø kostar om lag 35 000 kr. for ein avgang i veka pr. år. Inntekter kjem til fråtrekk.

Fylkesdirektøren rår til å styrke bybusstilbudet i Førde og Florø på laurdagar og søndagar i 2019 med 300 000 kr. Fylkesdirektøren får fullmakt til å fastsetje aktuelle rutetider og tal avgangar.

Fylkesdirektøren vil nytte løyvd midlar til bybussane i 2018 til å starte opp tiltaket frå og med desember 2018, med føresetnad om at tiltaket vert vedteke for 2019.

Styrka rutetilbod på bybussane skal marknadsførast med nye rutefalderar og andre marknadsføringstiltak.

#### Sommarrute Florø - Førde

Florø kai kl.08.35 – Førde kl. 09.45 er i dag innstilt om sommaren. Ruta har samband frå båtane som kjem inn til Florø. Ruta har samband til Førde sentralsjukehus. Det vil koste 70 000 kr. å køyre denne ruta også om sommaren.

Førde kl. 15.10 – Florø er i dag instilt om sommaren. For arbeidspendlarar har dette vore etterlyst. Det vil koste 70 000 kr å køyre denne ruta om sommaren.

Fylkesdirektøren rår til å køyre desse rutene også på sommaren.

#### Utvida sesong brebussen i Olden

Brebussen i Olden er ei lokalrute som har blitt til ei turistrute. Frå mai til august i år var der over 3 000 reisande med ruta. Mange dagar går det ekstrabussar på ruta for å ta opp trafikken.

Det er både cruiseturistar med ruta, men og andre turistar på gjennomreise i Olden.

I fjor utvida vi sesongen på ruta: «Fylkesdirektøren rår til at sesongen på brebussen i Olden utvidast slik at den går i ordinær rute i perioden 15. mai til 31. august og at den går på dagar med cruiseanløp i skuldresesongen om hausten (frå 1.september og ut november). Fylkesdirektøren vurderer det til at tiltaket er sjølvfinansierande».

Tiltaket var vellukka. Tilbakemeldinga no er at vi bør utvide den perioden ruta går fast til ut 15. september. Dette vil gi reisande som ikkje kjem med cruiseskip eit tilbod. Perioden på hausten der ruta berre går på dagar med cruiseanløp vert tilsvarande korta inn.

Fylkesdirektøren forventar at tiltaket er sjølvfinansierande.

#### Justering av rutetrase for brebussen i Olden

Bygderuta frå Briksdalen og ned til Olden er kunngjort berre ned til Olden sentrum. I praksis går nokre avgangar heilt fram til kaia om sommaren, då det er dit turistane skal. Fylkesdirektøren rår til å kunngjere ruta heilt fram til kaia. Kostnad er berekna til 5 000 kr.

### **6.4 Andre marknadstiltak/nye ruter**

Det er behov for fleksibilitet til å prøve ut nye tiltak, samt at det gjennom året kan oppstå behov for tilpassingar. T.d. er «Travel like the locals» ei turistsatsing som synest å ha eit potensial her i fylket. Ordninga går ut på at reiseoperatørar marknadsfører pakkar for turistar der reiser med lokale ruter er ein del av opplegget.

Utfordringa er at når slike opplegg skal syast i hop, syner det seg av og til at det manglar forbindelsar.

Fylkesdirektøren rår til at det vert sett av 800 000 kr for å kunne ha fleksibilitet til å prøve ut aktuelle tiltak og gjere mindre justeringar.

## **7. Takst 2019**

Takstane vert regulerte kvart år og vert bestemt politisk. Konsumprisindeksen har vore retningsgjevande for regulering på buss og båt, då det er denne dei reisande har eit forhold til. Det vert og teke omsyn til kostnadsutviklinga i rutedrifta.

Siste tilgjengelege KPI tal når denne saka vart skriven var frå august. Gjennomsnittleg auke for siste 12 månadar mot føregåande 12 månadar er på 2,11 %.

#### Takstauke buss 2019:

Rutekjøpsavtalane for buss ser ut til å få ein auke på noko over 3 %. Med denne kostnadsauken og gjennomsnittleg auke i KPI på 2,11 % tilrår fylkesdirektøren ein takstauke på 2,5 %.

Minstetaksten for born og vaksne vert auka frå 16/31 til kr 16/32.

Bybusstaksten i Førde og Florø vert uendra med kr 10/20 for barn og vaksne.

Flybusstakst vert uendra kr 80 for voksen og 40 for barn. Lokalreisande som ikkje skal til/frå flyplass betalar etter ordinært takstregulativ som tidlegare.

#### Takstauke båt 2019

Kostnadsauken frå 2017 til 2018 for båtavtalane ser ut til å bli noko over 8 % i snitt.

Ved vurderinga av kva som er rett takstauke for båt, legg fylkesdirektøren i hovudsak til grunn konsumprisindeksen, sidan det er denne dei reisande har eit forhold til. Ein for høg kostnadsauke, utover prisauken elles i samfunnet, vil kunne støyte bort reisande. Det vil likevel vere naturleg, og i tråd med tidlegare praksis, å reflektere kostnadsutviklinga når takstane vert regulert.

Fylkesdirektøren rår til ein takstauke på 3 % for båt.

#### Takst ungdomskort 2019

Taksten for ungdomskort vart for nokre år sidan sett ned til 365 kr. Dette tiltaket var for å stimulere til auka bruk av ordninga, som har hatt nedgang siste åra. Siste 12 månadar har den negative trenden snudd og vi ser igjen ein moderat auke i bruken av ungdomskort. Fylkesdirektøren rår til å halde prisen for ungdomskort uendra for 2019.

#### Takstauke ferje 2019

For ferje nyttar vi Statens riksvegferjeregulativ, med tilhøyrande justeringar.

Statens vegvesen budsjetterer med ein auke på 2,7 %, dette talet kan forandre seg ved endeleg handsaming av statsbudsjettet.

Fylkesdirektøren rår til å regulere ferjetakstane i samsvar med riksregulativet slik som tidlegare.

#### Takstharmonisering ekspressbåt

I fjorårets kjøpssak vart det bestemt at takstane skulle harmoniserast over to år. Totalt skulle taksten i Nordfjord senkast med 10 % i snitt, medan taksten i Sogn skulle aukast med 9 % i snitt.

Prisauken vert størst midt i Sognefjorden på reiser mellom Bergen og Vik-Lavik. Prisedgangen vert størst på reiser mellom Bergen og Florø-Måløy. Kortare reisestrekningar vert uendra.

Halve takstharmoniseringa vart i tråd med dette gjennomført i 2018. Det andre steget vert gjennomført frå 2019.

**Tabell 3: Harmoniserte ekspressbåttakstar**

| Ekspressbåtane på Sogn                      |             |          |                   |                  |
|---|-------------|----------|-------------------|------------------|
| Takst til/frå Bergen                        | Gamal takst | Ny takst | Takstendring i kr | Takstendring i % |
| Lavik                                       | 425         | 535      | 110               | 26 %             |
| Nordeide                                    | 465         | 580      | 115               | 25 %             |
| Vik   | 560         | 665      | 105               | 19 %             |
| Balestrand                                  | 600         | 695      | 95                | 16 %             |
| Leikanger                                   | 640         | 740      | 100               | 16 %             |
| Sogndal                                     | 705         | 785      | 80                | 11 %             |
| Aurland                                     | 805         | 830      | 25                | 3 %              |
| Flåm  | 820         | 840      | 20                | 2 %              |
| <b>Gjennomsnittleg takstauke heile ruta</b> |             |          |                   | <b>8,95 %</b>    |

| Ekspressbåtane på Nordfjord                      |             |          |                    |                   |
|--|-------------|----------|--------------------|-------------------|
| Takst til/frå Bergen                             | Gamal takst | Ny takst | Takst endring i kr | Takst endring i % |
| Askvoll  | 545         | 520      | -25                | -5 %              |
| Florø  | 715         | 610      | -105               | -15 %             |
| Smørhamn   | 780         | 650      | -130               | -17 %             |
| Leirgulen  | 845         | 710      | -135               | -16 %             |
| Måløy  | 865         | 755      | -110               | -13 %             |
| Selje  | 940         | 800      | -140               | -15 %             |
| <b>Gjennomsnittleg takstreduksjon heile ruta</b> |             |          |                    | <b>-9,95 %</b>    |

NB! Takstane i tabellen er 2017-takstar. Ordinær prisauke i 2018 og 2019 vil kome i tillegg.

#### Erfaring etter 6 månadar med takstharmonisering:

Trafikktala til og med august er positive. Samanliknar vi dei 8 første månadanane i år med tilsvarende periode i 2017, ser vi at kystrutene har ein trafikkvekst i tal passasjerar på 4,70%.

For Sognerutene er tala også positive med 2,14% på Sognebåten og 3,79% på Bergen – Flåm.

Det er enno for tidleg å trekke nokon konklusjon om verknadane av takstharmonisering.

## **8. Vurdering**

Det er i år kome inn over 90 ruteinnspel. Fleire innspel i år dreiar seg om nye behov knytt til kommunesamanslåing. Fylkesdirektøren set pris på det store engasjementet dei reisande og kommunane syner ved å sende inn innspel til forbetringar. Alle ruteinnspel er omtala og vurdert. Det er ei utfordring å omtale kvart enkelt ruteinnspel med tilstrekkeleg informasjon utan at volumet vert uhandterleg. Fylkesdirektøren har laga eit oppsett der det som vert vurdert som mest naudsynt er med.

Når det gjeld kommunesamanslåing er det naudsynt med ein dialog med aktuelle kommunar fram mot kjøpssaka neste år.

Det vart i fjorårets kjøpssak sett av midlar til å arbeide med marknadsretting og vidareutvikling av kollektivtilbodet vårt. Nokre tiltak er sett i verk i form av nokre rutetiltak, gjennomføring av undersøkingar og utarbeiding av rapportar. Andre tiltak vert tilrådd sett i verk i årets kjøpssak.

Fylkesdirektøren har gjort framlegg om mindre rutejusteringar. Dette er rutelekkjer som enten er blitt utdaterte, som vert foreslått kutta, og det er forslag om nye rutelekkjer for å gje eit betre og meir samanhengande tilbod.

Marknads- og informasjonsplanen for kollektiv tek opp i seg føringar frå RTP. Vidare vert kunnskap frå rapportar og brukarundersøkingar nytta i planen. Planen legg kursen for vidare arbeid med marknadsretting av tilbodet i åra som kjem.

Prisutviklinga for kjøp av rutetenester er høgare enn den generelle inflasjonen i samfunnet. Takstane vert difor foreslått auka litt meir enn inflasjonen.

## **9. Konklusjon /tilråding**

### Ruteinnspel frå kommunar og andre

Alle innkomne ruteinnspel vert omtala i *vedlegg 1*. Ressurskrevjande innspel og innspel som fylkesdirektøren ikkje finn hensiktsmessige utifrå ei samla vurdering vert ikkje tilrådd imøtekomne. Mindre tiltak som vert vurdert til å vere hensiktsmessige vert tilrådd imøtekomne.

Fylkesdirektøren har vurdert og gjeve tilråding på kvart einskild innspel.

Det vert opna for dialog med aktuelle kommunar fram mot neste års budsjettprosess/kjøpssak i forhold til nye behov knytt til kommunesamanslåing.

### Administrative endringar

Fylkesdirektøren har etter fullmakt gjort ei mindre endring, *jamfør pkt. 4* i saka.

### Fylkesdirektøren sine framlegg til justeringar av rutetilbodet

Fylkesdirektøren gjer framlegg om nokre endringar av rutetilbodet, *jamfør vedlegg 2*. Dette gjeld ruter som det etter fylkesdirektøren si meining ikkje er hensiktsmessig å vidareføre og det gjeld mindre rutelekkjer som fylkesdirektøren meiner bør etablerast for å få eit betre rutesystem.

### Marknadstiltak/nye ruter

Marknads- og informasjonsplanen slik den ligg føre i *vedlegg 3* vert tilrådd vedteken.

Det skal i 2019 arbeidast med vidareutvikling av kollektivtilbodet.

Det vert sett av 0,3 mill. kr. til styrking av bybussane i Førde og Florø på laurdag og søndag. Fylkesdirektøren for samferdsle får fullmakt til å fastsetje endeleg rutetabell.

Det vert sett av 140 000 kr. til to sommarruter mellom Florø og Førde.

Sesongen der Brebussen i Briksdalen går fast, vert utvida med 14 dagar til 15. september. Ruta vert forlenga til kaia på aktuelle avgangar. Det vert sett av 5 000 kr til dette tiltaket.



Det vert sett av 800 000 kr. til mindre marknadstiltak/nye ruter, t.d. Travel like the locals. Fylkesdirektøren for samferdsle får fullmakt til å utforme aktuelle tiltak.

#### Takst

Busstakstane vert foreslått auka med 2,7%.

- Minstetaksten for born og vaksne vert auka frå 16/31 til kr 16/32.
- Bybusstaksten i Førde og Florø vert uendra med kr 10/20 for barn og vaksne.
- Flybusstakst i Sogndal og Førde vert uendra. Kr 80 for voksen og 40 for barn. Det vert ikkje gjeve rabattar. Lokalreisande som ikkje skal til/frå flyplass betalar etter ordinært takstregulativ.

Båttakstane vert foreslått auka med 3 %

- 2. halvdel av takstharmonisering på ekspressbåtane vert gjennomført.

Ferjetakstane vert foreslått auka tilsvarande statens riksregulativ for ferjetakstar.

Prisen for ungdomskort vert uendra med kr 365.

Fylkesdirektøren for samferdsle får fullmakt til å fastsetje endelege takstar og rabattar for buss, båt og fylkesvegferje.